



Stemningsfullt på bøkkervelden i fjor(Foto: Bjarne Øymyr)

Programmet for Bøkkervelden laurdag 22. juni er klart. Ei jazzgruppe leia av Kjell Borge Olsen vert med. Med seg har han Bjarne Øymyr på elpiano, Stein Haugen på bass, Leif Henrik Borge Olsen på gitar. Det er ei samansett gruppe særleg for Bøkkervelden, men namna er velkjende frå ulike jazzensemble.



Bøkkerverkstaden(Foto: Ola Matti Mathisen)

Kåseriet til Dag Helland handlar om kultur, eit omfattande tema, men Helland vil ha ein lokal innfallsvinkel. 'Ka e kultur' - i Kvinnherad framført med humor. Menyen er som vanleg lubbesild og poteta med skalet på. Det vert bål i stranda ved midnatt.

Bøkkerveld vert skipa til for 16. gong og er open for alle. Invitasjonen går og til personalgrupper. Det kan vera ei fin markering før ein tek sommarferie. Meld deg på til:

kristian.olav.bringedal@kvinnherad.kommune.no

Mobil: 915 31 487

Tekst: Kristian O. Bringedal



Dei dyktige jazzmusikarane som var med i fjor, kjem att i år og. (Foto: Ola Matti Mathisen)